

Reiseforbod for tilsette i Ålesund kommune

På grunn av koronaviruset har kommunedirektør Astrid Eidsvik bestemt at alle tenestereiser i regi av Ålesund kommune skal avlysast inntil vidare og førebels fram til 1. mai. Reiseforbodet gjelder for alle tilsette i kommunen. Situasjonen vil bli kontinuierleg vurdert.

Reiseforbodet gjeld førebels reiser utanfor Møre og Romsdal. Det skal framleis vere mogleg å utføre tenestereiser i vårt eige fylke.

Kommunedirektøren har også bestemt at alle skolar må avlyse klasseturar som er planlagde i perioden fram til 1. mai, der reisa går utanfor Møre og Romsdal.

Kommunen oppmodar også om at alle interne arrangement i regi av kommunen, som ein ventar skal samle over 100-150 personar eller fleire, vert avlyst eller utsatt. Dette gjeld for eksempel skolearrangement der foreldre, slekt og venner vert invitert.

Kommunen kan ikkje regulere private reiser, men tilsette blir sterkt oppmoda om å ikkje reise til risikoområder.

Kommunen vil fortløpande oppdatere informasjon om restriksjonar og råd til dei tilsette på intranett. Vi ber derfor alle tilsette følge nøye med på internkommunikasjonen i tida framover.